

## **Administrativ avgjerd**

### **Uttak av veldig aggressiv kolle på Fedje**

Med heimel i viltforskriftas § 3-5, stk. 2 gjennomfører Fedje kommune uttak av ei bestemt aggressiv kolle i Fedje sentrum, grunna omsyn til personsikkerheit. Avgjerda skal sjåast i forhold til eit lengre tidsforløp med fleire urovekkande interaksjonar mellom personar, personar med hund og den bestemte kolle. Den siste veka har aggresjonsnivået av individet eskalert.

Kollas aggresjonsnivå er dei siste dagane veldig intensivert med forsøk på fysiske angrep på personar med hund og det vert gjort direkte utfall mot menneskjer som går tur. Kolla oppsøker aktivt og uprovosert konfrontasjon med personar og husdyr.

Med omsyn til viltforskrifta § 3-5, stk. 2:

*Kommunen kan av eget tiltak iverksette uttak av bestemte individ av alle hjorteviltartene og villsvin når de oppholdar seg på trafikkerte eller tettbygde områder, og dei utgjer ein fare for skade på person eller skaper trafikkfarlege situasjonar.*

Det vurderast no av administrasjonen at kolla grunna det eskalerte aggresjonsnivå utgjer en direkte fare for skade på personar i lokalområda på Fedje. Det er ganske så vanleg at kollar kan bli aggressive i ei kortera periode direkte etter kalving. Aggresjonsnivå som nemnde kolle utviser utan å ha kalv og på denne tid av året er ganske uvanleg og har vore tungtvegande i avgjerda.

Uttaket vil bli gjennomført snarast rå av kompetente personar tilknytt Fedje kommune, med stor lokalkjennskap, grunna dei heilt spesielle sikkerheits krav i sentrum.

Den som gjennomfører uttaket skal på forhånd varsle grunneier og politi, da uttaket vil bli utført i tettbygd strøk.

Dersom kolla mot formodning skulle ha kalv, skal kalven av dyrevelferdsmessige årsaker og avlivast. Ved den siste tids angrep er det ikkje observert kalv til saman med kolla.

Avgjerda om uttak er den aggressive kolle er ikkje eit enkeltvedtak og kan ikkje påklagast.

Viltforvaltar, Mikkel Bengtsson